



POSTENS PENSJONISTFORBUND
Postpensjonistane i Sunnhordland
Org.nr. 998 328 322

ÅRSMELDING 2022

side 1.

Årsmøtet 2022

Årsmøtet 2022 vart halde i kantina i Helsehuset på Leirvik, Stord torsdag 10.02.2022.

Leiar Eli Roseth Eik kunne ynskja 24 medlemmer velkomne.

Før årsmøtet vart sett fekk vi servert velsmakande snittar, kringle og kaffi.

Etter matøkta kåserte Karvel Strømme om Potetfarten frå Fitjar. Her såg vi også film.

Ved opninga mintest årsmøtet dei som var gått bort med 1 min. stilla.

Avviklinga av årsmøtet gjekk etter denne saklista:

- 1 Godkjenning av innkallinga
- 2 Godkjenning av saklista
- 3 Val av dirigent, skrivar og 2 stk. til å skriva under protokollen.
- 4 Årsmelding
- 5 Rekneskap
- 6 Arbeidsplan for 2022
- 7 Inkomne framlegg
- 8 Val

Innkallinga og saklista vart samrøystes godkjende. Eli Roseth Eik vart valt til dirigent og Unn Sara Spissøy til skrivar. Til å skriva under protokollen valde vi Aslaug Tvedte og Brit Vad.

Både årsmeldinga og rekneskapet vart samrøystes godkjende.

Arbeidsplanen for 2022 byggjer på handlingsplanen som landsmøtet vårt har vedteke for perioden 2021 – 2024. Denne vart godkjend.

VAL

Valnemnda ved Jostein Helland, Bjørg Borrevik og Svein Onarheim hadde gjort ein god jobb.

Utfallet av valet vart slik:

Leiar	Eli Roseth Eik	Ikkje på val – 1 år att.
Skrivar/nestleiar	Unn Sara Spissøy	Ikkje på val – 1 år att.
Styremedlem	Gerd Waage Skålevik	Ikkje på val – 1 år att.
Styremedlem	Kari Tysnes Kjos	Attval for 2 år
Styremedlem	Mikal Saltvik	Attval for 2 år
Varamedlem	Nils Vestbøstad	Ny for 2 år.
Varamedlem	Berit Bergsvåg	Ikkje på val – 1 år att.
Revisor	Bente Stien Nysæter	Attval for 2 år
	Ansgar Bjelland	Ikkje på val – 1 år att
Vararevisor	Endre Johannes Solheim	Ny for 2 år.

Ny valnemd: Bjørg Borrevik, Svein Onarheim og Kjell Egil Hollund.

MEDLEMSBLADET

Det tidlegare medlemsbladet vårt er erstatta med Sunnhordlendingen. Sunnhordlendingen vart sendt ut sommar og haust i 2022 samt ekstra med innbeding til julemøtet.

HAGERUPSHUSET

Treffdag er framleis torsdag. Det er gledeleg at tal deltakarar no tar seg opp att etter koronaen.

GRASROTANDELEN

5 stk. har så langt knytt seg opp mot vårt organisasjonsnummer 998 328 322. Dette gav oss kr. 4487,00 i utbetaling frå Norsk tipping for 2022, (noko utbetalt i januar 2023) eit godt tilskot i ein slunken lagskasse.

TILSKOT

I tillegg til tilskotet frå Postens Pensjonistforbund (kr.110,00 pr. betalande medlem pr. 31.12.) mottok vi eit stort tilskot for 2022 **frå Onkelfondet**, heile 20.000 kroner kom inn på konto frå fondet. Dette tilskotet er svært viktig for å kunna tilby turar og møte til ein rimeleg pris.

TURAR

Korttur

Det vart ikkje korttur pga. koronaen.

Utanlandstur

Det vart heller ikkje utanlandstur pga. koronaen.

Lokal tur

Lokaltur vart avvikla. Den gjekk til Uskedalen, like til Fjellandsbø. Det var ein svært vellukka dag med god mat og dyktig omvisar som var med på heile turen. De kan lesa meir i julenummeret av Sunnhordlendingen.

JULEMØTET

Samkoma var i år på Stord Hotell. 41 medlemmer deltok. Stig Bohne var med og fortalde om tur som er planlagt i juni 23. Vi hadde loddsal. Kari Tysnes Kjos hadde, på laget si rekning, kjøpt inn velsmakande gevinstar. Det var ein gild ettermiddag med god mat og god prat. Også dette året sende styret sjokolade til dei som ikkje var med på julemøtet.

Medlemstalet i laget vårt er no 94.

Laget har fått 5 nye medlemmer i 2022.

2 stk. har meldt seg ut.

Vi har hatt 1 dødsfall.

I meldingsåret har det vore halde:

1 Årsmøte

5 Styremøte

1 Julemøte

Treff på Hagerupshuset.

Datakurs for styret.

3.- 4. mai vart det avvikla kurs for tillitsvalde på Stord Hotell. Kursleiar var Holger Zachariassen. Vi lærde m.a. om korleis heimesida vår skal drivast. Det er Unn Sara Spissøy som styrer sida vår.

1. september var 14 deltakarar frå Sunnhordland, Haugesund og Hordaland samla til styrekurs på Stord Hotell. Kursleiarar var Kjellaug K. Jota og Jan Bekkevold. Det var gjennomgang av hjelpemiddel på nettsida vår samt handbok for tillitsvalde. Alle dokumenta kan de lesa på www.postpensjonistene.no

Representasjon:

Leiar Eli Roseth Eik var på leiarsamlinga i Posten Pensjonistforbund på Thon Hotel Oslo Airport 19. -20.5.22.

Sluttord:

Vi takkar distribusjonssentralane på Husnes og Heiane for kontorteknisk støtte.

Stord 02.01.2023. Styret

Eli Roseth Eik Unn Sara Spissøy Kari Tysnes Kjos

Gerd Waage Skålevik Mikal Saltvik

Arbeidsplanen vår for 2023 byggjer for ein del på handlingsplanen som landsmøtet vedtok for heile landsmøteperioden 2021 – 2024. Vi vil difor vidareføra dei punkta som er prioriterte der, men i tilpassa lokal form. Styret gjer framlegg om denne arbeidsplanen:

Vervemål

Sunnhordland avdeling skal verva 4 nye medlemmer i perioden.

Handlingar som styret har ansvar for gjennom heile året:

- Driva aktiv oppfølging av medlemmer i laget vårt.
- Kartleggja eksisterande medlemspotensiale.
- Skapa attraktive medlemsmøte, om mogeleg i samarbeid med andre.

Sosiale - og helsemessige mål

Vi vil fremja samarbeidet med eldreråda og gjennom dei påverka kommunane i helsarbeidet.

Kulturelle mål

Leggja til rette for å halda vedlike kontakten med tidlegare kollegar.

Handlingar som styret har ansvar for gjennom heile året:

- Skapa attraktive medlemsmøte
- Tilby reiser, om mogeleg til subsidierte prisar
- 1 korttur, 1 langtur
- Lokal tur
- Konsert, teater e.l.
- Datakurs for medlemmer
- Skipa til julemøte/julebord
- Ta vare på lokal posthistorie